

SYKKYLVEN KOMMUNE  
**KOMMUNEPLANEN 2013 – 2025**  
AREALDELEN

# Planomtale

Vedtak Sykkylven kommunestyret 27.05.2013  
PlanID 15282013002

## INNHALD

1	HOVUDMÅL .....	3
2	PLANOMRÅDE .....	3
3	FØRINGAR FOR PLANEN .....	4
3.1	Nasjonale og regionale føringar ....	4
3.2	Lokale føringar .....	5
4	PROSESS .....	8
4.1	Tidlegare prosess.....	8
4.2	Medverknad .....	8
5	INNSPEL TIL RULLERINGA.....	9
5.1	Merknader etter 1.høyring.....	9
5.2	Merknader ved planoppstart .....	12
6	VERKNADER AV PLANFORSLAGET. 13	
6.1	Nasjonale og regionale føringar ....	13
6.2	Utfordringar frå planprogrammet... 14	
6.3	Om arealføremåla .....	16
7	VEDLEGG .....	21
	Vurdering av innspel til første høyring	

## **INNLEIING**

Gjeldande arealplan for Sykkylven vart vedteken i 1989. Planen har lenge vore moden for rullering.

Arbeidet vart starta opp i 2000, men seinare lagt på is grunna prioritering av meir presserande planoppgåver. Denne prioriteringa må sjåast i lys av at alle store utbyggingsområde i kommunen er omfatta av eigne kommunedelplanar (Straumgjerde, Ikornes, Aursnes-Tynes) eller reguleringsplan (Nyseter-området).

I og med dei største tettbygde områda samt hyttefelt på fjellet har hatt eigne planar, har kommuneplanen omfatta areal med etter måten liten byggeaktivitet. Planen har såleis i stor grad vore til å leve med.

Likevel vart det etter kvart tydeleg at planen trengte rullering. Manglande plan for sjøområda, auka fokus på jordvern, ønske om spreidd bustadbygging, auka press på strandsona, - alt ting i tida som styrka behovet for rullering.

I 2007 vart arbeidet starta opp at, då med utarbeiding av planprogram som grunnlag for prosessen.

Auka fokus på risiko- og sårbarheit og utarbeiding eiga ROS-analyse, behov for betre grunnlagsdokumentasjon i plansaker og innføring av ny planlov (juni 2009), har utsett planprosessen.

Framtidig revidering skal vurderast i løpet av første året i kvar ny valperiode, jfr. krav om kommunal planstrategi i ny planlov.

Planen var ute til 1.offentelege høyring vinteren 2011. Oversikt over innkomne merknadar og motsegner er samla i kap. 5.3. Konsekvensutgreiing, plankart og føresegner er justert etter innkomne forslag.

Justert plan vart lagt ut til 2.gangs høyring våren 2012. Merknadar og motsegner vart bearbeida i løpet av hausten, og NU vedtok planutkast 19.11.2012. Fylkesmannen kalla etter dette inn til mekling 15.03.2013. Meklingsresultatet vart handsama av NU 15.04.2013.

Plandokumenta er justert i samsvar med vedtak i NU.

## **1 HOVUDMÅL**

Hovudmålsettinga med rulleringa er å legge til rette for at Sykkylven kan vekse og utvikle seg vidare i framtida.

Kommunen skal verte ein god kommune både å bu i, og ein god kommune å drive næring i.

I kommuneplanen har det særleg vore fokus på betre tilrettelegging for spreidd busetting samt å sikre plan for sjøområda.

## **2 PLANOMRÅDE**

Arealplanen omfattar heile kommunen medrekna sjøområde, med unntak av delplanområda Sentrum-Ikornes og Straumgjerde.

### 3 FØRINGAR FOR PLANEN

#### 3.1 Nasjonale og regionale føringar

Kommuneplanen skal utformast i tråd med nasjonale og regionale føringar.

#### Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

(vedtekne 24.juni 2011).

Forventingane peikar på følgjande tema som skal takast særleg omsyn til i planlegginga:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Forventingane formidlar ikkje alle statlege interesser, oppgåver og omsyn som planlegginga skal ta vare på. Følgjande kan nemnast særleg:

#### Klima- og energiplanlegging

(Statleg retningslinjer av 04.09.2009)

Retningslinjer som pålegg kommunane å innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging, i kommunale planar.

#### Universell utforming

(Rundskriv T-5/99 Tilgjenge for alle)

Regjeringa har ein visjon om at menneske med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit for personleg utvikling, deltaking og livsutfalding på lik linje med andre samfunnsborgarar (St. meld. 40 2002-2003).

Fjerning av samfunnsskapt hinder er avgjerande for å oppnå dette. Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp arbeidet mellom anna ved å stille krav om god tilgjengelegheit i lokal planlegging (T-5/99 Tilgjengelighet for alle).

#### Barn og planlegging

(Rundskriv T-1/95 Rikspolitiske retningslinjer)

Gjennom rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging er det sett eit nasjonalt mål at barn- og unge skal sikrast eit oppvekstmiljø som gjev tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar.

Areal og anlegg som skal nyttast av barn- og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.

I nærmiljøet skal det finnast areal der born kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette føreset mellom anna at areala:

- er store nok og eignar seg til leik og utandørs opphald
- gjev høve til ulike typar leik til ulike årstider.
- kan nyttast av ulike aldersgrupper, og gjev høve til samhandling mellom barn, unge og vaksne.

#### Areal- og transportplanlegging

(Rundskriv T-5/93 Rikspolitiske retningslinjer)

Arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremmar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bumiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.

#### Samfunnstryggleik

Det er eit kommunalt ansvar å syte for at nye tiltak ikkje vert plassert slik at menneske eller materielle verdiar vert utsett for fare. I den samanheng er det viktig å unngå utbygging i område som kan vere utsett for ras, flaum eller andre natur- og menneskeskapt risikotilhøve.

#### Naturmangfaldlova

Lova tilseier at alle vedtak skal bygge på best mogleg kunnskap om naturgrunnlaget og kunnskap om effekten av planlagde tiltak. Føre-var-prinsippet skal leggast til grunn for all forvaltning.

Påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla effekten systemet er eller vil bli utsett for.

Følgjande lov, retningslinjer og dokument ligg til grunn for planarbeidet:

- Plan og bygningslova av 27. juni 2008. Med tilhøyrande nye rettleiarar.
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging, rundskriv T 1321
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (T2/ 08)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Lov om folkehelsearbeid
- Miljøverndepartementet si rettleiing for arealdel tilkommunedelplanen, T 1382
- Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga, T 1442
- Nasjonale mål for fylkes- og kommuneplanlegginga og opplegg frå fylkesplanlegginga 1996 - 1999
- Fylkesplan for Møre og Romsdal
- Fylkesdelplan for senterstruktur
- Fylkesdelplan for transport
- Fylkesdelplan for elveoslandskap
- Fylkesdelplan for strand og kystsone
- Gang- og sykkelvegstrategi for M&R
- Kulturminnevern og planlegging etter plan og bygningslova, T-4/92
- Strategi for jordvern, Møre og Romsdal fylke

## **3.2 Lokale føringar**

### **3.2.1 Samfunnsplan for Sykkylven**

I løpet av prosessen med arealplanen er det arbeidd med Samfunnsplanen for Sykkylven. Denne vart vedteken i juni 2011, og føringar her frå er tatt inn som viktige rammer for arealplanen.

Planen har skaparglede som visjon og er bygd på eit ønske om å legge til rette for at Sykkylven skal kunne leve, vekse og utvikle seg vidare.

Planen har 7 hovudmålsettingar:

- Sykkylven har gode møteplassar, trivsel og friske folk.
- Sykkylven har eit attraktivt sentrum.
- Sykkylven byr på gode og varierte bumiljø i heile kommunen.
- Sykkylven har eit aktivt næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar.
- Sykkylven har ei offensiv rolle i regionalt samarbeid.
- Sykkylven har gode kommunikasjonar.
- Sykkylven er ein attraktiv kommune.

Målsettingane i planen er lagt til grunn for arealplanen i den utstrekning det høver. Særleg fokus er på gode og varierte bumiljø i heile kommunen, trivsel og friske folk, gode kommunikasjonar og attraktivitet.

Planforslaget legg til rette for å:

- sikre gode tomtetilbod i heile kommunen
- skape bumiljø som stimulerer til god folkehelse
- sikre tilgang til friluftsområder
- stille krav til uteområder
- stille krav til universell utforming
- skape eit trygt samfunn

### **3.2.2 Utfordringar frå planprogrammet**

I planprogrammet, vedteke av NU i sak 12/07, er det peika på følgjande område rulleringa skal fokusere særleg på:

#### **Spreidd bustadbygging**

Dette er vurdert som ei tenleg utbyggingsform i store delar av kommunen. Gjennom planen skal ein søke å legge til rette for ein enklare prosess for dei som ynskjer å bygge spreidd.

I gjeldande plan er store delar av kommunen plassert innanfor LNF-spreidd busetting, men det er ikkje gitt ytterlegare føringar.

#### **Næring – industri**

Kommuneplanen skal bidra til å sikre næringslivet moglegheiter for vidare vekst og utvikling.

#### **Sjøområda**

Sjøareal er ikkje med i gjeldande plan. Sykkylven kommune har derfor ikkje heimel for å styre arealbruk i sjø. Kommuneplanen skal omfatte sjøområda. Ny plan bør avklare framtidig arealbruk, der næringsinteresser vert samordna med friluftsliv- og naturinteresser.

#### **Strandsona**

Kommunen ynskjer å nytte strandsona som eit aktivum for innbyggjarane. Det bør skapast rom for næring, rorbuer, mm. samstundes som ein klarer å sikre dei områda som er av stor verdi for ålmenta til rekreasjon og friluftsliv.

#### **Småkraftverk**

Planprogrammet la opp til ei avklaring av politisk haldning til utbygging av ulike vassdrag, der ein ynskjer å sjå den samla verknaden for kommunen av ulike enkeltprosjekt.

#### **Dyrka mark**

Planen skal fokusere på landbruket sine behov for trygge rammer, med ein lengre tidshorisont enn anna næringsverksemd. Landbruksplan for Sykkylven gir auka fokus på jordvern og sikring av moglegheitene for framleis landbruksdrift i kommunen.

#### **Samfunnstryggleik**

Kommunen har ansvar for å sikre forsvarleg bruk og vern av areal og bygningar i kommunen. Tryggleiks- og beredskapsomsyn skal innarbeidast i kommuneplanen, og vurderast særskildt når ein tek i bruk nye byggeområde.

### **3.2.3 Andre kommunale føresetnadar**

Tematiske kommuneplanar som Trafikktryggingssplan og Anleggsplan for idrett og friluftsliv skal takast omsyn til i rulleringa.

Sykkylven kommune er deltakar i partnerskapet God Helse i Møre og Romsdal og slutta seg i si tid til Fredrikstaderklæringa om Lokal Agenda 21. Kommunen skal legge

vekt på helse- og miljøomsyn i kommunalt planarbeid.

Det ligg føre ulike faktadokument som skal leggst til grunn for utforming av planforslaget. Dette er i stor grad registreringar og kartleggingar av fysiske tilhøve som kan ha innverknad på arealbruken.

Ein del tilhøve er tilgjengeleg gjennom sentrale kartbasar og register, t.d. inngrepsfrie naturområder, rasfarlege område, fornminne, mm.

Følgjande er kartlagt spesielt for Sykkylven:

- Kartlegging av biologisk mangfald (2004)
- Registrering av kjerneområde landbruk (2007)
- Barnetrakk-registrering (2007)
- Risiko og sårbarhet (ROS) grovanalyse (2009)
- Landbruksplan for Sykkylven (2004)


### 3.2.4 Folketal

#### Utvikling

Folketalet i Sykkylven har synt ei svak positiv utvikling i mange år, og var pr 1.1.2013 på 7673 personar.

Sidan 2000 har folketalet i gjennomsnitt auka med 32 personar i året.

Fødselsoverskotet er positivt, men svingar mykje.



Kjelde: SSB

Netto flyttetall svingar meir enn fødselstala, med fleire år med negativt flytteresultat sidan år 2000. Trenden for ti-året syner ei svak positiv utvikling.

I samband med rullering av sentrumsplanen vart det lagt til grunn at ein vesentleg del av nyetableringa i kommunen vil kome i tettbygde delar av kommunen.

Bakgrunnen er både ei faktisk utvikling i Sykkylven, og generell utvikling i samfunnet der ein ser ei auka sentralisering på ulike geografiske nivå. Unge i etableringsfasen ynskjer no i større grad enn før å bu sentralt, anten ein ser på ein liten kommune som Sykkylven, eller ein ser på større regionar eller heile landet under eitt.

For framtida vil Sykkylven søkje å auke busettinga i heile kommunen. Spreidd busetting gir høve til større variasjon i buform og tomtestorleik, og vil såleis vere eit viktig virkemiddel.

I 2009 budde 71% av innbyggjarane i tettbygde strom av kommunen. I 2003 var tilsvarande tal 66%, altså ein auke på 5%. På fylkes- og landsplan har tilsvarande auke berre vore på 1 prosent i same periode.

#### Framskrivning


Statistisk Sentralbyrå (SSB) lagar framskrivningar i tre hovudalternativ: låg, middels og høg vekst.

Framskrivningane er basert på vurdering av utvikling innan fruktbarheit, levealder, innanlandsk flyttenivå og netto innvandring.

Alternativet middels vekst er vurdert som det mest realistiske.

Dette alternativet er lagt til grunn for ei framtidig folketalutvikling i kommunen.

I kommuneplanen må ein då ta høgde for ein folketalesauke på om lag 800 personar dei neste 15 åra.



Kjelde: SSB

Framskrivingane syner elles at det er den vaksne og etterkvart den eldste delen av befolkninga som vil stå for auken i folketalet. Aldersgruppene under 44 år syner ein svakt minkande tendens.

Tilrettelegging for fleire arbeidsplassar og for auka etablering av barnefamiljar vert ei viktig utfordring for kommunen i åra framover.

### 3.2.5 Bustadbehov

Bustadbehov dei komande 15 åra vert berekna ut frå ein auke på om lag 800 personar.

Gjennomsnittleg bur det i dag 2,4 personar pr. bueining i Sykkylven i dag. Det er uvisst korleis dette talet vil utvikle seg. Auka andel eldre kan tilseie at talet vil minke.

Vidare vert det tatt omsyn til at ein vesentleg del av nyetablering vil skje innanfor tettbygde strok i kommunen, altså i stor grad utanfor planområdet for denne planen.

I praksis er det rekna at kommuneplanen skal gi rom for inntil 40% av nyetablering i komande 15-års periode.

Til saman gir dette eit behov for ca 130 nye bueiningar innanfor planområdet.

Det vert rekna 2,5-3 da pr. bustad. I byggefelt og tettbygd strok er tilsvarande tal om lag 1,5 da pr. bustad. Denne forskjelen skuldast behov for tilrettelegging av større tomter for å skape eit meir differensiert tomtetilbod i kommunen.

Gjennom arbeidet med samfunnsplan i 2010 er det kome eit klart signal om at variert tomtetilbod

vil gjere kommune meir attraktiv og bidra til å trekke fleire innbyggjarar til kommunen. Variert tomtetilbod med høve til større tomter i krinsane er vurdert som eit godt tiltak i den samanheng.

## 4 PROSESS

### 4.1 Tidlegare prosess

Gjeldande kommuneplan vart vedteken i kommunestyret i 1989. Planperioden var 1989 – 2000.

Rullering vart oppstarta i 2000. Same året vart det halde folkemøter Hundeidvik, Ramstaddal, Velledalen og sentrum, og saka var opp til drøfting i plan- og miljøutvalet fleire gonger i perioden 2000 -2002.

Kommunen var og i drøftingar med fylket, mellom anna om moglege måtar å legge betre til rette for spreidd bustadbygging på.

Grunna stort press på reguleringsplanar, samt nedbemanning på planavdelinga, vart rulleringa ikkje fullført.

Hausten 2006 vedtok ein å starte opp att planprosessen. Nye reglar gjorde at ein då måtte gå vegen om eit planprogram.

Forslag til planprogram vart utarbeida og sendt på høyring. Programmet vart vedteke i februar 2007 (NU-sak 12/07). Utfordringane som vart tekne opp i planprogrammet var ei oppsummering av dei prosessane som hadde gått føre seg åra før, samt ei vurdering av viktige nye utfordringar for kommunen. Sentrale tema var sjøområda, spreidd busetting, dyrkajord og strandsoner.

Prosessen etter 2007 har trekt ut i tid. Første planutkast var ute til offentleg høyring vinteren 2011. Auka fokus på samfunnstryggleik med utarbeiding av lokal ROS-analyse, innføring av ny planlov med nye krav til prosess og framstilling, samt prioritering av samfunnsplan ligg til grunn for dette.

I 2012 vart planen lagt ut til 2.høyring. Merknadar og motsegner vart bearbeida og justert plan vart vedteken i NU 19.11.2012. Gjenstående motsegner vart meldt inn til fylkesmannen for mekling. Fylkesmannen kalla inn til meklingsmøte 15.03.2013, og NU handsama resultatet den 15.04.2013. Plandokumenta er justert i samsvar med handsaminga i NU.

### 4.2 Medverknad

Innspel frå tre folkemøter haldne ved oppstart i 2000 er vurdert som relevante og teke med i planarbeidet.

I 2001 vart det oppretta ei eiga arbeidsgruppe som skulle avklare interesse motsetningar og danne grunnlag for arealbruk i sjø. I gruppa deltok repr. frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Sykkylven Næringsutvikling, Fjordlaks, Sykkylven jeger og fisk, Fagråd for laksefisk (lokale vill-laksinteresser), m.fl. Gruppa la fram eit ukast til arealbruk i sjø i 2002. Dette har vore brukt som grunnlag i planarbeidet

Etter prosessen vart starta opp att i 2006 vart planprogrammet lagt ut til offentleg høyring, det vart halde eigne møter med landbruksnæringa og industri- og næringslag, og informasjon om arbeidet vart gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

I 2007 vart det gjennomført Barnetrakk-kartlegging i kommunen. Barnerepresentanten og planleggar besøkte alle skulane i bygda. Alt materiale er ikkje digitalisert, men er nytta så langt råd. Ny runde er planlagt i 2012.

I samband med kartlegging av kjerneområde landbruk (2006) og utarbeiding av grovanalyse for risiko- og sårbarhet (2009), vart ulike brukargrupper trekt med i arbeidet. For desse emna er det også laga eigne rapportar og produsert digitale kart til bruk som grunnlag i planprosessen.

Hausten 2010 har det vore møte med Bygdemobiliseringsprosjektet i Velledalen og med Hundeidvik grendalag. Betre tilrettelegging for busetting i krinsane er særleg viktige ønske. I planforslaget er dette søkt gjort gjennom generelt betre tilrettelegging for spreidd busetting og ved utlegging av nye byggeområde.

I 2011 vart Samfunnsplan for Sykkylven vedteken. Planprosessen var prega av aktiv innbyggardeltaking (tenkedugningar med svært god oppslutting, skulesamarbeid, bruk av facebook, temamøter, mm.) Målsettingar i Samfunnsplanen er lagt inn som viktige føringar i revidert planforslag.

Våren 2011 gjennomførte kommunen ei innbyggjarundersøking etter KS sitt opplegg «Betre kommune». Resultat frå undersøkinga er nytta som grunnlag for revidert planforslag.

Oppdateringar av ROS og Biologisk mangfald i 2010 er teke med i plangrunnlaget.

Planforslaget var lagt ut til offentleg høyring i 2011 og i 2012.



## INNSPEL TIL RULLERINGA

### 4.3 Merknadar etter 2.høyring

Vurdering av merknadar og innspel går fram av NU-sak 55/12, handsama i møte den 19.11.2012.

MERKNADAR FRÅ OFFENTLEGE INSTANSAR	
Fylkesmannen i Møre og Romsdal - motsegner	NA6 Naustområde Kurset R1 Råstoffutvinning Andestad LNF-spreidd bustadbygging SB1,2,4,5,og 6 R3 Råstoffutvinning Hundeidvik BU5 Kurset (delar av området) Føresegner for LNF-spreidd busetting. Nauststorleik.
Møre og Romsdal fylkeskommune - motsegner	FB1 Kurset Akvakultur Rønaset Akvakultue Gjevenesstranda
NVE - motsegner	Føresegner vedkomande risiko for flodbølge Føresegner vedk. sikring mot rasfare
Statens vegvesen - motsegner	SB4 Velledalen SB5 Tandstad BU2 Svartebekk-Tu
Kystverket	Ikkje motsegner
Fiskeridirektoratet	Ikkje motsegner
Direktoratet for mineralforvaltning	Ikkje motsegner
MERKNADAR FRÅ PRIVATE	
Velledalen i Balanse	Ynskjer opning for detaljhandel innanfor N1
Odd Jarl Drabløs	Ber om at tidlegare vurderte bustadområde vert teke inn i plan.
Morten Holmberg	Parkeringsareal ved Brua-fabrikken
Kåre Riksheim	Bustadareal Våtmyr
Johan Kvalvåg	Bustadomt Hundeidvik

#### 4.4 Merknadar etter 1.høyring

Vurdering av merknadar og innspel går fram av NU-sak 17/12, handsama i møte den 19.03.2012.

<i>Offentlege instansar:</i>	
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Merknadar og motsegn
Møre og Romsdal fylkeskommune	Merknadar og motsegn
NVE	Merknadar og motsegn
Direktoratet for mineralforvaltning	Merknadar og motsegn
Fiskeridirektoratet	Merknadar og motsegn
Kystverket	Merknadar og motsegn
ÅRIM	Renovasjon, tilkomst, mm.
<i>Organisasjonar og privatpersonar:</i>	
Arild Myrseth	Bustadområde Hundeidvik
Arild Myrseth	Næringsareal Hundeidvik
Jermund Garli	Bustadområde Gjevenes
Odd J. Drotninghaug	Naust, Fetvatnet
Vidar Løseth	Naust og hytteområde Ramstaddal
Eli og Ole Høydal	Gang- og sykkelveggar
Knut Brunstad	Vegføring Brunstad
Harald Velle	Protest mot næringsareal i Velledalen
Hundeidvik privatskule AS	Skuleareal
Sameige Jomarka v Lillian Kurseth	Bustadareal Kurset
Petter Lyshol	Tunell Velledalen-Urke
Egil Brunstad	Bustadareal Brunstad
Bastian Hundeiide	Bustad, naust mm Hundeidvik
Vikedalen grunneigarlag v/Bård Myhre	Hyttefelt Gimsdalen
Helge Overå/Tore Utgård	Bustad, hytte, naust Hundeidvik
Huna Sand	Massetak Hundeidvik

**Motsegner**

Motsegnene er knytt til ulike tema. Fleire instansar har motsegn til same tema.

I tabellen under er motsegnene sett opp etter tema med avmerking av kva instans som har sett fram motsegna.

Alle motsegnene er kommentert i saksutgreiinga.

Areal eller tema i planforslaget med motsegn	Motsegn frå			
	Fylke smannen	Fylke skommunen	State ns vegvesen	NVE
SB 1-9 Spreidd bustadbygging Alle areal for spreidd bustadbygging må avgrensast meir.				
SB4 og 5 Spreidd bustadbygging. Areala må avgrensast, samt unngå avkøyrsløse til Fv 71.				
SN 1-4 Spreidd naustbygging. Areala må avgrensast.				
BU6 Bustad Brunstad må takast ut grunna jordvern.				
FB2 Fritidsbustad Kurset må trekkast opp frå strandlinja og bort frå gravrøys i området.				
FB2 Rorbu Gjevenes grunna strandsone. Bør flyttast mot sør/eksisterande naust/kai.				
R1-3 Råstoff Andestad, Riksheim, Hundeidvik må takast ut grunna jordvern				
Nauststorleik maks 40m2, mot 50m2 i planforslag				
Akvakultur Rønaset må justerast i plankartet				
Akvakultur sør for Gjeveneset må visast i plankartet				
Automatisk freda kulturminne må visast i plankart				
BU2/4 Bustad Svartebekk-Tu kan ikkje ha innkøyring til fylkesvegen. Vidare utbygging i området bør samlast på sørsida av vegen (ved eksisterande bustadfelt.				
Oppskyllingshøgde flodbølge må inn i plankart				
Rasfare i byggeområde må inn i plankart				
Føresegn for næringsområda (§ 2.7) må presisere at detaljhandel ikkje skal vere tillat.				

#### 4.5 Merknadar ved planoppstart

Merknadar og innspel etter kunngjering av oppstart og vedtak av planprogram er lista opp i tabellen under. Det er og teke med eldre innspel frå første oppstart og prosessen før planprogram vart vedteke.

Alle innspela vart vurdert i samband med utarbeiding av første planforslag.

Vurderingar av generelle innspel frå denne prosessen går fram av vedlegg 1 til planomtalen. Byggeområde er vurdert i konsekvensutgreinga (KU)

	<i>Offentlege instansar:</i>	<i>Tema:</i>
23.03.06	Sykkylven Energi AS	Småkraft
13.12.06	Fiskeridirektoratet	Ikkje konkrete merknadar.
02.01.07	Statens Vegvesen	Avkøyrslar og spreidd bustadbygging.
26.01.07	Kystverket	Skipsleier, hamner mm. inn i plan.
30.01.07	Møre og Romsdal fylke, uttale til planprogram	Generelle planfaglege innspel.
02.04.08	Norges Geologiske Undersøkelser (NGU)	Råstoffressursar inn i plan.
	<i>Offentlege instansar, eldre innspel:</i>	
28.08.02	Plan og miljøutvalet, Sykkylven kommune	Sjøareal, spreidd bustadbygging, mm.
15.12.02	Møre og Romsdal fylke, drøftingsmøte	Generelle planfaglege innspel, strandsone, spreidd bustadbygging, mm.
	<i>Organisasjonar og privatpersonar:</i>	<i>Tema:</i>
17.02.06	Landbruksnæringa i Sykkylven	Laqngsiktig jordvern, tilleggsnæring, spreidd bustadbygging, mm.
26.01.07	Gunnar Velle	Kvartærgeologi, naturvern, mm
28.08.07	Lars P. Kjemphol	Bustad, Tu 46/1
16.05.08	Oddvar Brunstad	Bustad, Svartebekk, 48/4
19.05.08	Einar Bueide	Bustad, hytte, naust, Kurseth 50/23 -
13.02.09	Storfjordsambandet	Sikring av aktuelle veg/brutrasear i plan.
03.04.09	Jermund Garli	Gjevenes (rorbu) 57/2
23.06.09	Sissel og Odd Drabløs	Bustad Brunstad 32/1
02.09.09	Sølvi Kursetgjerde m.fl	Bustad, Kurset 57/1
14.10.09	Velledalen Sogelag	Stølsvern
09.02.10	Brødrene Haugset AS	Steinbrot Andestad
07.09.10	Velledalen i Balanse	Bustad, Brunstad 32/1, næring Tregardane
	<i>Org.og privatpersonar, eldre innspel:</i>	
23.05.00	Folkemøte Hundeidvik	Tomter, vegføring, mm
25.05.00	Folkemøte Velledalen	Tomter, næring, ..
29.05.00	Folkemøte Ramstaddal	Tomter, naust, rorbuer. mm
19.06.00	Ramstaddal Vel	Tomter
10.10.00	Nils Gunnar Brunstad	Bustad, Haugset 13/, Hytte Klokk 65/33
07.11.00	Edvin Meyer Johansen	Bustad, Tu 47/7

## 5 VERKNADER AV PLANFORSLAGET

### 5.1 Nasjonale og regionale føringar

#### Klima- og energiplanlegging

Gjennom kommunepleanen og kommunedelplanane for Sentrum/lkornes og Straumgjerde, legg kommunen opp til at ein vesentleg del av ny busetting vil skje innanfor tettbygd strok, noko som vil bidra til redusert transportbehov og legge til rette for auka kollektivtransport..

Samtidig er kommunen ein kompakt kommune med korte avstandar. Tiltak for auka busetting i alle krinsar vert derfor ikkje vurdert å vere i strid med dagens klimapolitikk.

Klima- og energiplan for Sykkylven vart vedteken i 2010. Planen vart utarbeida gjennom eit fellesprosjekt i regi av Ålesundsregionens Utviklingsselskap (ÅRU). Norconsult AS har stått for den praktiske gjennomføringa.

#### Universell utforming

Målsettinga om tilgjenge for alle vert lagt inn i føresegnene til planen. Det vert sett krav om at omsynet til universell utforming skal gjerast greie for i alle detaljplanar.

Kravet gjeld for reguleringsplanar som er utarbeid av Sykkylven kommune og av private aktørar. Kravet gjeld også ved handsaming av andre saker etter plan- og bygningslova.

#### Barn og planlegging

I føresegnene til kommunepleanen er det sett minstekrav til storleik, plassering og terrengutforming for leikeareal for leikeareal som vert sikra gjennom private og kommunale reguleringsplanprosessar.

Kommune skal i alle omdisponeringssaker søkje å sikre viktige rekreasjonsområde og område som vert nytta av barn til lek. Barnetrakkregistrering, gjennomført første gang i 2007, skal nyttast i dette arbeidet. Nye registreringar skal gjennomførast ved bruk av nettløysinga kartiskolen.no.

#### Areal- og transportplanlegging

Sykkylven kommune er ein etter måten kompakt kommune, med korte reiseavstandar til alle delar av kommunen. Etter Sykkylvsbrua kom er det under 15 min køyretid frå sentrum til alle bygdela.

Levande bygder med busetting i heile kommunen er viktig for Sykkylven. Dette vert

ikkje vurdert å vere i konflikt med sentrale føringar.

Ved spreidd busetting må trafikkmessige tilhøve vurderast i kvart enkelt tilfelle. Ein skal og ta omsyn til verdifull dyrkajord, strandsone, areal nær vassdrag, friluftsområde og særprega kulturmiljø og kulturminne, mm.

#### Samfunnstryggleik

Samfunnstryggleik er bygt inn i planen, jfr. dei krav som ligg i lovverk og i samsvar med registrerte risikofaktorar, jfr. ROS-analyse som er ein del av plangrunnlaget.

ROS-analyse vart gjennomført vinteren 2008/09. Risiko for nye byggeområde er vurdert ut frå denne analyse. Oppskyllingshøgde frå flodbølge frå Åknes-ras var ei spesiell utfordring som særleg sette spørsmålsteikn ved gjennomføring av planlagt arealbruk på tidlegare godsterminalområdet i sentrum.

NVE har publisert nye aktsomhetskart for både steinskred (2009) og snøskred (2010). Karta er meir presise enn tidlegare. I plansamheng har NVE tilrådd at eldre kart vert nytta. Faresoner er avmerka i byggeområde og i LNF-område for spreidd busetting.

For flodbølgeproblematikken er Åknes Rapport 01.2010 lagt til grunn. Rapporten konkluderer med redusert oppskyllingshøgde for Sykkylvsfjorden og bidreg i vesentleg grad til at utbygging i samsvar med plan vert mogleg (sjå meir om dette i revidert KU og ROS-analyse). I samråd med NVE er faresone langs sjø reint framstillings-tekniske årsaker, ikkje teikna inn i plankartet, men nedfelt i planomtale, KU og føresegner.

Ny byggteknisk forskrift (FOR 2010-03-26 nr. 489) er lagt til grunn for revidert ROS-analyse til kommunepleanen.

#### Naturmangfaldlova

Planforslaget inneber omdisponering av area, og har nødvendigvis konsekvensar for naturtilhøva. Ved utarbeiding av planforslaget er tilgjengeleg informasjon om naturgrunnlaget lagt til grunn. Dette er m.a. registreringar av biologisk mangfald, artsdatabanken, naturtyperegistrering, o.a.

I plankart og gjennom føresegner er det i størst mogleg grad søkt å sikre viktige naturverdiar. Naturmangfald er eige tema i konsekvensutgreiinga for nye byggeområde.

## 5.2 **Utfordringar frå planprogrammet**

I planprogrammet, vedteke av NU i sak 12/07, vart det peika på følgjande område ein skulle fokusere på ved rullering av arealplanen:

- spreidd bustadbygging
- næring - industri
- sjøområda
- småkraftverk
- dyrka mark
- samfunnstryggleik

### **Spreidd bustadbygging**

I planforslaget er det avgrensa 12 område for spreidd utbygging.

Foredeling av tal bustadar er gjort skjønsmessig ut frå forventa behov, storleik, folketal og konfliktnivå.

Juridisk bindande føresegner til planen skal sikre vern av dyrkajord, naturmangfald, ta omsyn til risiko og sårbarheit, mm.

Planforslaget søker på denne måten å legge til rette for ny busetting fleire stadar i kommunen, samtidig som ein sikrar viktige verdiar for framtidige generasjonar. Forslaget er i tråd med målsettingane i nyleg vedteken samfunnsplan for Sykkylven (vedteken juni 2011).

### **Næring – industri**

Planforslaget beheld eksisterande industriområde, samt tek opp i seg område som er regulert etter at planen vart vedteken. Storparten av industriaktiviteten i kommunen skjer innanfor kommunedelplanområda.

I Velledalen er det etter ønske frå Velledalen i Balanse teke inn eit nytt næringsareal ved dagens Hole maskin.

Det er og teke inn eit mindre næringsareal i Hundeidvik.

For å sikre moglege framtidige utvidingar for eksisterande næringsverksemdar, er det ikkje opna for bustadbygging inntil desse areala.

Mogleg ny hovudvegføring med ferjefri kryssing av Storfjorden, jfr. Storfjordsambandet sitt arbeid, er synt som ein illustrasjon i plankartet.

Ferjefri kryssing av fjorden vil vere av betydning for næringsliv og busetting. Tilpassing til nasjonal transportplan og hovudveg-/stamvegløysingar vil vere viktig for å sikre næringslivet gode kommunikasjonsløysingar i framtida. Moglege trasear mot sør-aust er og synt i plankartet.

### **Sjøområda**

I planforslaget er sjøområda i hovudsak lagt ut som felles område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF). Innanfor desse områda vert det ikkje opna for oppdrettsverksemd

Ved Rønaset er areal for eksisterande konsesjon for akvakultur lagt ut som eige område til dette føremålet (A).

Etter råd frå Fiskeridirektoratet er eit gyte-/oppvekstområde avmerka i Søvika.

I Hundeidvik er havneområde lagt inn frå ferjekaia til Fishtec sitt anlegg.

### **Strandsona**

I planforslaget er det avmerka verdifulle strandsoner der friluftsliv og naturverdiar/kulturlandskap vert prioritert. Dette gjeld området Kurset-Blakstad og frå Ørsneset til Vindsneset.

Høve til naustplass er vurdert som viktig element med tanka på auka attraktivitet og grunnlag for auka busetting. Det er derfor lagt inn nye naustområde i tilknytting til planlagde hytte- og bustadareal. Inngrepa er samla for å redusere byggepresset i strandsona.

I Hundeidvik er det lagt inn utvidingsareal for småbåthavna. Det er også lagt inn eit nytt naustområde i tilknytting til havna.

Eitt mindre område for rorbuer på Gjeveneset er også lagt inn i planforslaget.

### **Småkraftverk**

I løpet av prosessen vart det klart at for å gi ei god vurdering av desse tilhøva var det trong for faglege utgreiingar utover kompetanse og kapasitet i eigen administrasjon.

Auka fokus på fornybar energi og utbygging av småkraft siste åra, saman med auka fokus på kommunane sitt ansvar for å sikre verdifulle naturkvalitetar for komande generasjonar har gjort at det må gjerast eit grundig forarbeid i denne prosessen.

Det vert tilrådd at kommunen utarbeidar ein eigen kommunedelplan på dette tema.

Planen har såleis ikkje i seg ei løysing av denne utfordringa.

### **Dyrka mark**

Kartlegging av Kjerneområde landbruk er lagt til grunn for utforming av juridisk bindande føresegner til planen. Det er søkt å få til føresegner som kombinerer tilrettelegging for ny busetting med omsynet til jordvern.

Kjerneområde landbruk består av viktig dyrkajord og av viktig kulturlandskap.

Dyrkajorda innanfor Kjerneområde har gjennom føresegnene fått strengaste vern.

Innanfor kulturlandskapsområda vert det sett krav om tilpassing til landskap og landbruksdrift.

Utanfor kjerneområde landbruk vert det ikkje lagt spesielle føringar for spreidd busetting når det gjeld omsyn til landbruk.

For alle tiltak vil generelle krav til risikovurdering, omsyn til biologisk mangfald, mm. gjelde.

### **Samfunnstryggleik**

Det er utarbeida ROS-analyse (grovanalyse) for heile kommunen. Analysa inngår som eit av grunnlagsdokumenta for planarbeidet.

Risiko og sårbarheit er vurdert som eige tema ved konsekvensvurdering av nye byggeareal.

Ved spreidd busetting er det sett krav om at ROS-situasjonen skal vurderast i kvar einskildt sak. Sjekkliste utarbeida av fylkesmannen skal nyttast i alle byggesaker.

Dei til ei kvar tid nyaste data om oppskyllingshøgder frå mogleg flodbølgje etter ras ved Åkneset, skal nyttast ved planlegging av tiltak i eller nær strandsona. Pr. dato framgår nyaste data i Åknes Rapport 01 2010.

Nyaste kartleggingar av andre ROS-tilhøve skal på same måte alltid leggjast til grunn ved byggetiltak, jfr. t.d. nye aktsomhetskart for steinsprang og snøskred publisert av NGU/NVE i 2010..

### 5.3 Om arealføremåla

#### 5.3.1 Bebyggelse og anlegg

(§ 11-7 pkt 1)

Kommunen ynskjer å legge til rette for ny busetting i alle delar av kommunen. Dette vert gjort gjennom å legge til rette for mindre feltutbygging, og særleg ved å legge til rette for spreidd utbygging i store delar av kommunen.

#### Bustadområde

Planforslaget inneheld følgjande nye bustadområde:

<b>BUSTADOMRÅDE (PBL § 11-7, pkt. 1)</b>		
BU 2	Tu/Svartebekk	115
BU 5	Kurset	10
BU 7	Kursetgjerde	34
BU 8	Brunstad II	15
BU 9	Gjevenes/ Hundeidvik	21
BU 10	Hundeidvik	10
	Sum areal	205 da

Området Svartebekk-Tu føreset ny vegløyning frå Tuskogen til Svartebekk. Eksakt traseval må avklarast gjennom reguleringsplan. Kommunen er ikkje samd med Statens vegvesen om at ny busetting her må konsentrerast sør om fylkesvegen. Tvert om vil ei utbygging her løyse ut betre vegtilkomst for heile Svartebekk-området.

På Kurset må det takast omsyn til planlagt ny samleveg i området.

Kursetgjerde er ei naturleg forlenging av eksisterande byggefelt Kursethagen. Det er uvisst kor stort areal som er anvendeleg til bustadbygging. Dette må avklarast gjennom detaljplan.

Brunstad II er eit område på ca 13 da knytt til eksisterande "tett" busetting på Brunstad. Vidare utbygging her vil vere ei naturleg utviding av eksisterande tettbygd område.

Det vert rekna 2-3 da pr. bustad. I tettbygd strok er tilsvarande tal om lag 1,5 da pr. bustad. Dette vert grunngeve med behov for tilrettelegging av større tomter for å skape eit meir differensiert tomtetilbod i kommunen. Auka attraktivitet er viktig for å trekke fleire innbyggjarar til kommunen. Variert tomtetilbod

med høve til større tomter i krinsane er vurdert som eit godt tiltak i den samanheng.

Samla vil områda kunne gi rom for ca 55-65 bustadar.

#### Spreidd utbygging

I planforslaget er areal i alle bygdelag lagt ut til spreidd utbygging. Dette for å fange opp ønske om etablering utanfor regulerte byggefelt.

Talet på denne type nyetableringar kan vere relativt lite, men det er uråd å planlegge kvar desse ønska om spreidd busetting vil kome.

Gjennom føresegnene til planen er det søkt å sikre særleg omsyn som må takast ved spreidd utbygging, t.d. forureining, jordvern, risiko og sårbarheit, biologisk mangfald, krav til teknisk infrastruktur, mm.

Det vert oppfordra til etablering av mindre huskruellar, der inntil 5 hus kan byggast utan plankrav.

Ut frå folketalsprognosar og fordeling i kommunen, vert ca 55 nye bustadar i planperioden vurdert som aktuelt som spreidd busetting (sjå pkt. 6.4.1).

#### Fritidsbustad

Følgjande nye område er for fritidsbustad er teke inn i planen:

<b>FRITIDSBUSETNAD (PBL § 11-7, pkt. 1)</b>		
FB 1	Kurset	16
FB 2	Klokk	40
FB 3	Gjevenes - rorbu	2
FB 4	Hundeidvik	3
FB 5	Gimsdalen	50
	Sum areal	111da

Innanfor SB9 Ramstaddal er det i tillegg opna for inntil 7 hytter bygd på same vilkår som spreidd busetting.

#### Hytter

Storparten av hyttebygginga i kommunen skjer i områda kring Nysætervatnet, altså utanom planområdet for kommuneplanen.

Kommuneplanen legg føringar for anna hyttebygging knytt til plassering, vatn, avløp, mm., med siktemål at all hyttebygging skjer på ein best mogleg terrengtilpassa måte, og at miljøbelastningane vert minimale.



Gjennom retningslinjene til planen vert det signalisert at nye hytter i fjellet bør etablerast tett, gjerne etter modell av gamle stølar. Det vil gi betre arealutnytting, samt høve til å ta opp historiske linjer i ny byggeaktivitet.

For hyttebygging på stølar er det sett krav om felles planlegging for å sikre landskaps- og kulturverdiar (sjå pkt. 7.6.4).

#### Rorbuer

Rorbu vert definert som naust med innreidd loft for overnatting og opphald.

Rorbuer medfører vesentleg større privatisering av strandsona enn naust. Slik bruk kan lett kome i strid med strandsonevernet slik det er nedfelt i plan- og bygningslova (PBL § 1-8).

Strandsonevernet er etablert for å sikre omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

For å sikre at omsyn til desse interessene vert ivareteke, vert det sett krav om utarbeiding av detaljregulering ved etablering av rorbuer.

Det vert særleg lagt vekt på at rorbuer ikkje skal redusere ålmenta sin tilgang til strandsona, og å etablere estetisk gode bygningsmiljø tufta på lokale byggetradisjonar.

#### Naust

Følgjande nye naustområde er teke inn i planforslaget:

<b>NAUST (PBL § 11-7, pkt. 1)</b>		
NA 1	Hundeide	2,5
NA 2	Hundeidvik	3
NA 4	Riksem	2,7
NA 5	Ramstaddal	1,4
NA 6	Kurset	3,5
	Sum areal	13,1da

Naust vert definert som hus for båtar, sjøbruk, sjøklær, fiskeredskapar, mm. Gjennom føresegnene til planen er det sett grenser for storleik (maks 50m2), høgder o.a.

I Hundeidvik er det i tillegg lagt ut 4 områder for spreidd naustbygging, SN1-4, i Kursetstranda.

#### Offentlege område

Offentleg område i Velledalen er vidareført frå gjeldande plan.

Offentleg område ved Riksheim i gjeldande plan er teke ut. Dette var i si tid lagt inn med tanke på skulebygg, noko som ikkje er aktuelt lenger.

Eksisterande grendahus og nytt skuleområde i Hundeidvik er lagt inn som offentlig areal i plan i samsvar med godkjent reguleringsplan.

#### Råstoffutvinning

Følgjande nye areal for råstoffutvinning er lagt inn i planen:

<b>RÅSTOFFUTVINNING (PBL § 11-7, pkt. 1)</b>		
R 1	Steinbrot Andestad	
R 3	Grusressurs Hundeidvik	84
	Sum råstoff	84 da

R1 Steinbrot Andestad (27da) har motsegn frå Fylkesmannen, men med opning for ny vurdering dersom ny kunnskap om biologisk mangfald kan tilseie endra haldning.

Sykkylven kommune har relativt store mengder sand og grus med god kvalitet til tekniske formål. Kommunen har eit ansvar for å sikre desse råstoffressursane for framtida.

Norges Geologiske Undersøkinger (NGU) utarbeider ressuroversikt for kommunane, og tilrår at dei viktigaste grus- og pukkførekomstane i kommunen vert sett av som område for råstoffutvinning i kommuneplanen sin arealdel.

For å sikre verdifulle ressursar i eit langsiktig perspektiv er unytta grusressurs på Riksheim lagt ut som omsynssone råstoffressurs, med landbruks-, natur- og friluftsområde under. Dette sikrar landbruksarealet, men legg samtidig restriksjonar på moglege byggeverksemd, slik at grusressursen ikkje risikerer å bli nedbygd.

I Hundeidvik ynskjer drivarane, Huna sand AS, å starte regulering med tanke på utviding av sandtaket. Dette området er derfor lagt ut som område for råstoffutvinning i planen.

Steinbrot Andestad er gjenopning av eit eldre steinbrot ved Byrkjeneselva. Omsøkt areal utgjer ein mindre del av ein registrert naturtype registrert som svært viktig grunna biologisk mangfald (27 av totalt 356 da, eller 7,6% av registrert areal). Etter samråd med kommunal miljøansvarleg er det funne tilrådeleg å ta inn i planforslaget. Dette fordi ein anser tiltaket i mindre grad å berøre dei mest verdifulle

naturverdiane i område. Jfr. Naturbasen er det særleg barlind som bør vektleggast spesielt.

### **Næringsområde**

Nye industriareal i kommunen er først og fremst å finne innanfor kommunedelplan for utvida sentrumsområde, som vart vedteken i 2010.

Aktuelle formål i gjeldande plan er behalde uendra, bortsett frå to svært små industriområde ved elva i Ramstaddal som er teke ut. Dette er to mindre område på 4 og 3,5 da langs Ramstadelva. Lokalitetane vert vurdert som lite eigna, m.a. ut frå miljøomsyn, arealstorleik og arrondering.

Følgjande nye næringsareal er teke inn i planforslaget.

<b>NÆRINGSAREAL (PBL § 11-7, pkt. 1)</b>		
N 1	Tregardane Industri	17
N 2	Hundeidvik	6
	Sum areal	23 da

I Velledalen er det lagt inn eit nytt næringsareal ved Hole maskin sitt område. Arealet er tenkt nytta til industri.

I Hundeidvik er eit mindre areal langs fylkesvegen lagt inn som nytt næringsareal.

Rundt eksisterande industriareal er det sikra mogleg framtidig utviding ved at det ikkje er lagt byggeareal eller areal for spreidd utbygging inntil desse. Dette gjeld område der det ikkje er meldt inn konkrete behov for utviding no, men der utviding kan bli aktuelt i seinare planperiodar.

### **5.3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

(§ 11-7, pkt. 2)

#### **Nye vegføringar**

I planforslaget er ulike alternativ for brukryssing over Storfjorden synt som ny vegtrase. Tidlegare planar for undersjøisk tunellkryssing av fjorden, som er synt i gjeldande plan, er teke ut. Traseane er vist som illustrasjon, og må detaljplanleggast på eit seinare stadium i prosessen.

Trase for ny tunell frå Hole til Engeset i Stranda er illustrert i plankartet på same måte

som Storfjordbrua. Det same gjeld ei mogleg vegløyning frå Velledalen mot Urke.

Ved regulering av nytt bustadområde vest for Tuvatnet er det sett krav om innregulering av ny veg mellom Tuskogen og Svartebekk. Dette vil skape ein betre tilkomst til eksisterande og påtenkt busetting i dette området.

På Kurset er det synt ny samleveg mellom dagens vegar. Vegen ligg i eit området er foreslått til spreidd utbygging. Sørlegaste del av vegen inngår i regulert bustadfelt. Framtidig utbygging i området kan skje stykkevis og delt, men må forhalde seg til framtidig samleveg for heile området.

### **Kraftlinjer**

Ny 420 kV-linje gjennom Sykkylven vart vedteke i desember 2011, med trafo plassert på Heiane.

Anlegget er overordna den kommunale arealplanlegging. Linjeføring og stasjonsområde skal leggast inn som omsynssone i plankartet.

Trase og anlegg vil bli lagt inn i plankartet når grunnlagsdata vert tilgjengeleg på rett format.

### **5.3.3 Grønnstruktur**

(§ 11-7, pkt. 3)

Kommuneplanen omfattar stort sett berre areal utanom tettbygd strok, og med stor grad av spreidd busetting.

Planen legg ikkje opp til arealbruk som stenger for etablert grønnstruktur innanfor delplanområda.

I førsegnene for nye byggeområder og for LNF-spreidd busetting er det sett som krav at ny busetting skal take omsyn til eksisterande eller planlagde turløyper, friluftsområde, naturverdiar, mm.

### **5.3.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)**

(§ 11-7, pkt. 5)

I planforslaget er LNF-områda mykje omarbeida frå tidlegare plan.

LNF for spreidd busetting er avgrensa til 9 separate områder, stort sett innanfor gjeldande område for spreidd busetting (sjå pkt 6.4.1).

Utmark og fjellområde er foreslått som vanleg LNF-område.

Bygge- og anleggstiltak innfor desse områda skal ha direkte samanheng med landbruksverksemd for å kunne tillatast, jfr. PBL § 11-7, pkt.5.

### **LNF – med spreidd bustad- fritids- eller næringsbyggnad** (§ 11-7, pkt.5 b)

Ei grunnleggande målsetting for planarbeidet er å gjere Sykkylven kommune meir attraktiv å busette seg i.

Det inneber auka fleksibilitet i tomteval i heile kommunen, samtidig som ein sikrar viktige ålmenne verdiar.

I planen er jordvern søkt balansert opp mot betre tilrettelegging for auka busetting i heile kommunen.

I eksisterande plan er store delar av kommunen lagt ut som LNF-område for spreidd busetting, men utan føresegnar som gir nærare avklaring av antal eller vilkår for plassering.

I nytt planforslag er områda for spreidd bustadbygging gitt ei klarare avgrensing. Totalt areal er redusert, men søkt utforma meir i samsvar med lokale behov.

Gjennom krav i føresegnene sikrar ein ålmenne interesser innanfor det enkelte område.

I forslaget er det 10 større områder som no er avsett til spreidd busetting.

Nr.	Stad	Hus
SB 1	Hundeidvik	4
SB 3	Erstad	3
SB 8	Søvikdal	4
SB 9	Ramstaddal	5
SB10	Riksheim	3
SB11	Gjevenes	4
SB12	Utgård	3
SB13	Grønhaugen	3
SB14	Våtmyr	3
SB15	Brunstad	3
SB16	Kolda	3
SB18	Hole	5

Det er gitt tak på maks tal nybygg innanfor kvart område, og det er sett ulike vilkår for frådeling og bygging.

Innanfor SB9 er det opna for inntil 7 fritidsbygg spreidd, på same vilkår som for bustadar.

Målet er å legge betre til rette for busetting i spreiddbygde stork, samtidig som ein sikrar viktige verdiar som jordvern, naturkvalitetar, oa.

Med utgangspunkt i registreringa av kjerneområde landbruk, vert det i planføresegnene lagt opp til eit generelt sterkt vern av verdifull dyrkajorda innanfor desse områda.

Vidare omfattar føresegnene ulike omsyn som må ivaretaast forut for frådeling/bygging. Dette gjeld m.a. avkøyringsløyve, teknisk infrastruktur, omsyn til kulturminne, biologisk mangfald, friluftsliv, risiko, mm.

Det vert oppmoda til samlokalisering i mindre huskullar på 3-5 bustadar.

Inntil 5 bustadar kan byggast utan krav til plan.

Områda for spreidd busetting er redusert og tilpassa gjennom motsegner og meklingsresultat.

### **5.3.5 Sjø og vassdrag med tilhørande strandsone**

(§11-7, pkt. 6)

I planen er byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjø vidareført frå noverande plan, jfr. § 1-8 i ny plan og bygningslov.

Byggegrense mot vatn og vassdrag på 50 m er vidareført frå noverande plan, jfr. § 1-8, 5.ledd.

Etablering av plan for sjøområda har vore eit viktig grunnlag for rulleringa, då gjeldande plan ikkje omfattar areal i sjø.

Sjøområda er delt inn i området med og utan høve til oppdrettsaktivitet. Arealstatus er område for natur-, fiske-, ferdsel-, friluftsliv- og område for akvakultur (NFFF eller A-område).

Gjeldande konsesjon for akvakultur ved Rønaset er tatt inn som A-område. Resten av sjøområda er foreslått som NFFF-område. Det betyr at det ikkje vert opna for ytterlegare konsesjonar for oppdrett i kommunen. Omsyn til lokale fiske- og friluftslivinteresser, samt viktige naturverdiar ligg til grunn for vurderinga. (§ 11-7, pkt.6)

### 5.3.6 Omsynssoner

(§ 11-8)

Plankartet skal skille mellom arealbruksformål og omsynssoner. Omsynssoner er eit nytt begrep som er innført i ny planlov. Arealbruksformål seier kva arealet skal brukast til, t.d. byggeområde eller LNF.

Omsynssone seier kva omsyn som må takast når arealet skal brukast i samsvar med plan.

#### Drikkevasskjelder (§ 11-8, a)

I plankartet er følgjande drikkevasskjelder synt med omsynssone:

Årsetvatnet  
Brunstaddalen  
Straumgjerde  
Ikornnes  
Hundeidvik.  
Svartevatnet (vassforsyning til Stranda)

#### Råstoff (§ 11-8, a)

Mogleg framtidig utnytting av grusressurs på Riksheim gjer at denne er lagt ut som omsynssone, med restriksjon på byggeverksemd innanfor området. Arealføremål i botn ligg som LNF som før.

#### Rasfare (§ 11-8, a)

I plankartet er faresoner avmerka som omsynssoner.

Mogleg rasutsette areal, jfr. NVE si skredfarekartlegging er lagt inn på alle byggeområde og areal for spreidd bygging.

Oppskyllingssone frå flodbølgje frå Åkneset er ikkje avsett i plankartet, men teke inn i føresegnene. Dette fordi sona er så smal at ho ikkje vil vise i plankart i målestokk 1:50000. Løysinga er valgt i samråd med NVE.

Ny 420 kV-linje er ikkje lagt inn i plankartet, men vil bli markert som faresone når korrekte data vert tilgjengelege frå Statnett.

#### Støysoner (§ 11-8, a)

Støyutsette områder er markert rundt motorcrossbana i Megardsdalen og skytebane-anlegget ved Svartevatnet.

#### Friluftsliv - strandsone (§ 11-8, c)

Planen legg opp til at viktige strandområde for ålment friluftsliv skal sikrast for framtida.

Dette omfattar delar av strandlinja i kommunen i området Kurset - Tusvik og Ørsneset – Rønset.

Innanfor desse områda finn vi badeplassar og strandlinje som er lett tilgjengeleg og av stor verdi for ålment friluftsliv, jfr. Møre og Romsdal fylke sine registreringar.

Naustbygging innanfor desse områda stiller større krav til tilpassing til ålment friluftsliv, landskapsverdiar, lokal byggeskikk og samlokalisering, enn for andre område.

#### Verneområde (§11-8, d)

Verneområde i kommunen er synt med eigen skravur. Dette omfattar naturreservata på Rømerhornheiane og Storeidet, samt edellauvskogsreservatet i Gjevenesstranda.

#### Stølsområde m krav om felles plan

(§11-8, e)

For å ta vare på stølane som særmerkte landskaps- og kulturhistoriske element, vert det sett krav om felles planlegging for stølsområda.

Stølsområda dette gjeld er synt som omsynssoner i plankartet. Detaljert avgrensing av stølsområde må vurderast i kvar einiskild sak.

#### Planar som framleis skal gjelde (§11-8, f)

I samsvar med ny PBL er reguleringsplanar som framleis skal gjelde synt som omsynssoner i plankartet.

Hovudformål i planen er synt som underlag for planar for bustadbygging, næring, og liknande.

For planar som i hovudsak omfattar fritidsbusetting, og der byggeareala berre utgjer mindre delar av det samla planområdet, er planområdet synt som grønt (LNF).

Vedlegg 1 til føresegnene syner oversikt over reguleringsplanar som framleis skal gjelde, og planar som vert oppheva.

## 6 VEDLEGG

### Vurdering av innspel til første høyring.

#### ***Innspel frå offentlege etatar, institusjonar og organisasjonar.***

Merknader og innspel frå ulike offentlege instansar er lista opp og kommentert nedanfor.

Her er også teke med innspel frå drøftingar i politiske organ undervegs i prosessen.

Uttalar til planprogrammet som retta seg mot sjølve planen, og er også teke med her.

#### **Sykkylven Energi AS (SE)**

23.03.06

Plan for småkraft

SE ber kommunen utarbeide samla plan for utbygging av småkraftverk.

#### *Kommentar:*

*Småkraft vart teke inn i planprogrammet som eit eige tema ut frå at det tyktes vere eit aktuelt tema i tida. Vi har ikkje kome i hamn med denne delen av planen (sjå pkt.4). Ei god vurdering krev ekstern bistand til vurdering av vassdraga våre. Pr. dato har vi motteke signal som går på ei generelt streng haldning over tregrensa, medan tiltak under tregrensa kan vere kanskje-tiltak.*

*Det vert tilrådd at det vert starta eigen planprosess for vurdering av vassdraga i kommunen.*

#### **Fiskeridirektoratet**

13.12.06

Uttale til planprogram

Ikkje konkrete merknadar i samband med planprogrammet.

#### **Statens Vegvesen**

02.01.07

Uttale til planprogram

For at kommuneplanen skal legge til rette for spreidd busetting med eit avklara tilhøve til vegvesenet som sektorstyresmakt er det viktig at kommunen og vegvesenet har ei felles haldning til avkøyrslar.

#### *Kommentar:*

*Spreidd bustadbygging inneber at utbyggjar får bygge der ein ynskjer mest. Samtidig inneber det at ein må vere budd på å løyse krav til veg,*

*vatn, avløp, straum og avkøyrslar på privat hand, gjerne med høgare kostnader enn feltutbygging.*

*Avkøyrslar-problematikken må løysast i kvart enkelt tilfelle, saman med anna infrastruktur som er naudsynt. Krav til godkjent avkøyrslar før frådelling er teke inn i føresegnene til planen.*

#### **Kystverket**

26.01.07

Uttale til planprogram

Farleier, ankringsplassar, hamner, mm. må visast i plan.

#### *Kommentar:*

*Oppdaterte registreringar frå kystverket sine kartbasar vert lagt inn i plankartet.*

#### **Møre og Romsdal fylke**

30.01.07

Uttale til planprogram

Fylket peikar på at samfunnsdelen av kommuneplanen burde kome før arealplanen. Viktig med god avklaring i høve sentrale og regionale føringar for å kunne nytte arealplanen til forenkla sakshandsaming. Strandsonenevern vs. byggeverksemd må avklarast.

Gjennomgang av viktige friluftsområde.

Automatisk freda kulturminne og viktige kulturminne frå nyare tid må kartfestas.

Kommunen må utarbeide oversikt over lokale risiko- og sårbarheitsforhold.

Dei viktigaste landbruksområda må sikrast.

Oppdatert kunnskapsgrunnlag frå naturbasen må nyttast i planarbeidet.

Sikre friluftsiinteresser og naturressursar i eit langsiktig perspektiv. Fokus på strandsona.

Legge til rette for småbåthamner.

Barnetrakkregistrering og medverknad frå barn- og unge.

Føresegner om barn og unge sine interesser i kommuneplanen.

Sikre grønstruktur.

Koordinere mot idrett- og friluftspan.

Fokus på trafikktryggleik for gåande/syklende

Føresegner om krav om universell utforming.

#### *Kommentar:*

*Møre og Romsdal fylke peikar innleiingsvis på eit viktig punkt; samfunnsdelen burde kome før arealplanen. Dette fordi arealplanen skal vere ein konsekvens av vedtekne utviklingsmål i samfunnsdelen.*

*Arbeidet med samfunnsplanen starta opp hausten 2009. Arbeidet er inne i slutfasen. Signal frå denne prosessen er teke inn i arbeidet med arealplanen.*

*To tydelege signal er at det må leggest betre til rette for ei differensiert bustadbygging i kommunen, og at naturen og friluftsliv er svært viktige aktivum som må takast vare på for framtida .*

*I planen er det søkt å legge betre til rette for spreidd utbygging i alle krinsane, samt at det gjennom føresegner og retningslinjer er søkt å sikre natur og friluftsliv.*

*Elles har vi gjennom kart og føresegner søkt å ta omsyn til dei ulike fag- og interesseområda fylket nemner.*

### **Norges Geologiske Undersøkelser**

02.04.08

Sand, grus- og pukkressursar

NGU har gjennomført ressurskartlegging for alle kommunane i fylket, og tilrår at dei viktigaste vert lagt ut som område for råstoffutvinning i arealplanen. Viktigaste lokalitetar i Sykkylven er Riksheim, Hundeidvik, Andestad.

*Kommentar:*

*Registrerte råstoffressursar vert lagt inn i planen som område for råstoffutvinning (PBL § 11-7, pkt.1).*

Off. instansar, eldre innspel:

### **Plan og miljøutvalet**

Tidleg i rulleringsarbeidet handsama plan- og miljøutvalet i Sykkylven kommuneplanen fleire gonger. Ulike innspel vart vurdert og signal for vidare arbeid vart gitt.

Plan- og miljøutvalet 28.08.02

Golfbane

I samband med godkjenning av golfbane på Kolda, vart det vedteke at arealet skal innarbeidast i kommuneplanen ved rullering.

*Kommentar:*

*Golfbane er lagt inn i planen som byggeområde for idrettsanlegg, jfr. PBL § 11-7 pkt.1.*

Plan- og miljøutvalet 25.09.02

Drøfting av planarbeid

Viktige signal for framlegg til ny kommuneplan: Arealbruk i sjø må innarbeidast i plan.

Følgjande alternativ til ny djupvasskai: Vellingneset, Aursneset ( 2 alternativ), Kursetneset  
Planen bør legge til rette for spreidd bustadbygging.

*Kommentar:*

*Gjennom plan for sjøareala skaffar kommunen seg styringsrett over sjøareala. Framlegg til arealbruk for sjø er med i planen.*

*Ny djupvasskai er under etablering på Aursneset. Samstundes er eit større sjøretta industriareal på Blakstad med i kommunedelplan for utvida sentrumsområde. Opparbeiding av nytt kaiområde og tilhøyrande industriareal på i området Kurset-Vellingneset vert ikkje vurdert som realistisk i planperioden. Foreslått arealbruk er ikkje til hinder for vurdering av desse tiltaka ved seinare rulleringar av planen.*

*Bustadbygging er søkt stetta gjennom ei generell tilrettelegging for spreidd busetting i heile kommunen.*

Plan- og miljøutvalet 12.02.03

Ny drøfting av planarbeidet.

Behov for tilrettelegging for spreidd bustadbygging i Hundeidvik-området.

Ønske om industriområde på Vellingneset.

Nytt friområde frå Svartebekk til Tusvik

*Kommentar:*

*Punkt ein er stetta i planforslaget gjennom generell tilrettelegging for spreidd busetting i heile kommunen.*

*Industriområde på Vellingneset var ei tid diskutert som ein mogleg plass for eit større, sjønært industriområde reservert større nyetableringar med kai-behov. Området manglar infrastruktur, og vil såleis vere kostbart å opparbeide. Vidare vert det vist til forslag om industriområde til sjø på Blakstad i sentrumsplanen. Området er vurdert som del av eit viktig strandområde for friluftsliv. I gjeldande plan ligg også delar av dette området som friområde.*

*I planforslaget vert det foreslått eit samanhengande LNF-område med hovudvekt på friluftsliv frå Kurset til Tusvika. Dette er den mest tilgjengelege og bruksvennlege strandsona vi har for friluftsliv.*

## **Møre og Romsdal fylke**

05.12.02

Drøftingsmøte, mellom anna knytt til spreidd bustadbygging og bygging i strandsona.

Fylket tilrår avgrensa areal for naust, men høg utnytting i desse områda.

Ikkje avklara haldning til spreidd bustadbygging, men kommunen vart rådd til å prøve å utforme større områder.

*Kommentar:*

*I planforslaget er det søkt lagt meir til rette for spreidd busetting enn i gjeldande plan. Viktige samfunnsinteresser er søkt styrt gjennom vilkår nedfelt i føresegnene til planen.*

*I strandsona søkjer ein i planforslaget å skille mellom områder med viktige verdiar for natur- og friluftsliv, og områder der ein kan legge meir til rette for naust.*

*Attraktive strandsoner ut frå natur/landskap er lagt ut som eiga omsynssone.*

*Naustområde er samla og søkt knytt opp til hamn, hytteområder eller eksisterande naustområde.*

### Organisasjonar og privatpersonar, generelle innspel

Merknader frå private om konkrete byggeområde er handsama i konsekvensutgreiinga (KU).

## **Landbruksnæringa i Sykkylven**

17.02.06

Møte med Sykkylven Bondelag, Sykkylven Bonde- og Småbrukarlag og Sykkylven Skoglag.

Signal frå næringa:

- Kjerneområda for landbruket må sikrast for lang tid framover.
- Klarare skilje mellom innmark og utmark. Størst vern av innmark.
- Soneindelinga i gjeldande plan dekkjer ikkje dagens behov
- Rom for utvikling av tilleggsnæringar
- Opne for mindre huskrullar innanfor kjerneområda. Ikkje større felt.

*Kommentar:*

*Soneinndelinga i gjeldande plan vert ikkje vidareført i planforslaget. Inndelinga stettar ikkje dagens behov for vern av dyrkajord.*

*Erfaringar seier at oppdeling av landbruksareal med spreidd bustadbygging ofte får negative følgjer av di ein får auka konflikter. I tillegg får*

*ein gjerne ein smitte-effekt, dvs. der eitt hus er etablert kjem gjerne fleire etter over tid. Dette er ulemper ein må vere klar over ved godkjenning av spreidd bustadar.*

*Samstundes skal behovet for jordvern balanserast opp mot moglegheitene for busetting. Auka busetting er svært viktig for å halde opp lokalsamfunna kring i kommunen. Gjennom planforslaget vert det søkt å sameine desse behova, ved å legge eit sterkare vern på dyrkajorda, medan ein legg opp til ein lempelegare praksis for anna areal.*

## **Gunnar Velle**

26.01.07

Synspunkt og innspel til kommuneplanen

Peikar på at ein gjennom kommunale planar må sikre den varierte naturen vi har.

Nemner spesielt kvartærgeologiske minner frå ra-tida på strekninga Brunstad-Erstad, som bør vernast og nyttast som attraksjonar i reiselivssamanheng.

Utbygging av minikraftverk må skje etter plan. Viktige naturverdiar må sikrast for ettertida.

*Kommentar:*

*Evt. vern av landskap/kvartærgeologiske førekomstar krev utlegging som omsynssone (§ 11-8, bokstav d) med tanke på seinare vedtak etter plan- og bygningslova (regulering) eller etter andre lover (t.d. naturvern). Bandlegging kan berre gjerast for 4 år. Det vert ikkje vurdert som realistisk at kommunen vil ha moglegheit for å avklare behov og sette i gang ein planprosess med tanke på vern i løpet av planperioden. Planforslaget inneheld derfor ikkje framlegg om vern av kvartærgeologiske førekomstar. Dette må evt. vurderast av kompetente faginstansar. Områda vert liggande som landbruks- natur- og friluftsområde i planforslaget.*

*Som omtala anna stad i planomtalen er plan for minikraftverk teke ut, og foreslått løyst gjennom ein eigen planprosess.*

## **Storfjordsambandet ASA**

13.02.09

Viser til planar om ferjefritt samband over Storfjorden og ber om at kommunen vurderer trase for framtidig Rv 60.

*Kommentar:*

*Storfjordsambandet sine utgreiingar har så langt fokusert på brutekniske løysingar for kryssing av Storfjorden, med bru frå Sandvika til Storholmen i Skodje som aktuell trase.*

Tilkomst til Sandvika frå Sykkylven er tenkt i tunnell frå Ullavika. alternativ løysing kan vere tunell frå Andestadstranda, som vil vere vesentleg kortare. Siste alternativ vil vere ei stor utfordring mellom anna med omsyn til etablert busetting på strekninga Aure-Andestad, men vil samtidig gi god vegløyning til eit mogleg framtidig industriområde der noverande steinbrot ligg. Eksisterande industriområde i Søvikdal vil også kome nærare ei god vegløyning, og dermed lettare kunne takast i bruk. .

Ferjefri kryssing av Storfjorden er eit langsiktig prosjekt. I kommuneplanen er ulike løysingar berre synt som illustrasjonar, samt at ein tek sikte på å ikkje bygge att ulike moglegheiter for framtida.

Trase for tunell frå Hole til Stranda er synt på same måten.

### **Velledalen sogelag**

14.10.09

Oppmodar om at mest mogleg av stølsområda vert verna og tekne vare på for ettertida.

*Kommentar:*

I planforslaget er stølsområda avsett som omsynssoner med krav om felles plan før evt. nye byggetiltak.

Hensikten er å syte for at det vert ein felles diskusjon på stølane rundt spørsmåla - Korleis ta vare på historiske verdiar knytt til stølen? Korleis kan evt. ny bygnad tilpassast eksisterande bygg og historiske kvalitetar?

Framlegget vil ikkje verne stølane frå all ny byggeaktivitet, men det skal sikre at viktige spørsmål vert teke opp i felleskap.

Stølane er svært ulike, både i storleik, tal eigarar, bruk, historiske kvalitetar, osv. Det vert derfor ikkje sett eintydig krav til kva slags plan som skal utarbeidast. Det er t.d. ikkje krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Målet er å søkje å oppnå størst mogleg semje på ein støl om samspelet mellom vern og utvikling.

### **Org. og privatpersonar, eldre innspel**

Innspel frå folkemøte som vart halde svært tidleg i prosessen er teke med. Innspela er vurdert å framleis vere aktuelle, sjølv om det er lang tid sidan møta vart haldne.

### **Folkemøte i Hundeidvik**

23.05.00

Ønske om:

- ny veg frå Kurset til Svartebekk
- ny veg frå Svartebekk til Tuskogen.
- opning for spreidd busetting frå skulen utover mot Kurset

*Kommentar:*

Ny veg frå Kurset til Svartebekk er ikkje teke inn i planen. Ny veg her vert ikkje vurdert som realistisk innanfor planperioden. Det ligg heller ikkje føre kjende planar om utbygging i dette området. I planen ligg området som LNF, med moglegheiter for framtidig vurdering av vegbygging til stades.

Ny veg frå Svartebekk til Tuskogen er teke inn som krav i samband med detaljregulering av nytt bustadområde.

Det vert opna for spreidd busetting i heile området, jfr. utforming av nye LNF-soner for spreidd busetting. Vilkår for utbygging går fram av planføresegnene.

### **Folkemøte i Velledalen**

25.05.00

Område ved skule/grendahus som off. område Industriområde ved Kvernhusnova og Holemaskin må visast i planen  
Område ved La-fabrikken og framover på bortsida av elva er eigna som industriområde. Ynskjeleg å lempe på den restriktive jordbrukspolitikken. Aktuelt med mindre husgrupper.

*Kommentar:*

Eksisterande område for offentleg føremål er vidareført frå eksisterande plan.

Gjeldande industriområde vert vist i planforslaget.

Nytt industriområde mellom Tregardane.

Utforming av nye LNF-område for spreidd busetting vil i større grad enn før legge heile Velledalen til rette for auka busetting gjennom større moglegheit for frådeling av einskildtomter, evt. etablering av mindre huskrullar på 3-5 hus.

### **Folkemøte i Ramstaddal**

29.05.00

Ønske om frittstående tomter, husklynger på 3-5 stk,



Nytt byggeområde nedover Ramstadbakkane oppom skulen  
Rorbuer kan vere ønskeleg både i Søvikdal og Ramstaddal.

*Kommentar:*

*Tilrettelegging for spreidd bustadbygging i planforslaget vert vurdert å vere beste måten å stette behovet for ny busetting.*

*Delar av strandsona i Søvikdal vert vidareført frå gjeldande plan som område for spreidd naustbygging.*

*Eksisterande naustområde i Ramstaddal lagt inn i planen. Evt. rorbuer innanfor byggeområde for naust må løysast gjennom detaljregulering.*

### **Ramstaddal Vel**

19.06.00

Innspel om frittliggande tomter i Ramstaddalen  
Etter folkemøtet organiserte Ramstaddal Vel eit møte der ein vurderte og foreslo lokalisering av nye bustadar til fire lokalitetar, 3 på Ramstad og 1 på Klokk.

*Kommentar:*

*Tilrettelegging for spreidd busetting legg til rette for variert busetting i området, og vil fange opp desse forslaga..*